Fra: "Nils Petter Rabbe" <nprabbe@gmail.com>
Sendt: tirsdag 3. november 2026 05:48:07
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Kopi: "Carsten Stig Jensen" <csj@nve.no>; "Røldal Grunneigarlag" <roldal.grunneigarlag@gmail.com>; "Jan Erik Reiten" <jan.erik.reiten@dnt.no>
Emne: 201913014 / 202320330 – Supplerande innspel: villreintiltaka på Hardangervidda og tilkomsten i Valldalen

Til NVE v/ Jakob Fjellanger

Eg ber om at dette blir journalført som supplerande innspel i vilkårsrevisjonen for Røldal–Suldal, sak 201913014, og knytt til konsesjonssak 202320330.

Sidan høyringa i 2024 har staten bestemt korleis ferdsla på Hardangervidda skal leggjast om av omsyn til villreinen. Det har direkte betydning for Valldalen, og eg meiner NVE må ta det med før revisjonen blir avgjord.

DNT såg dette komma allereie i 2024. I høyringsfråsegna av 31. oktober 2024 til begge sakene skreiv dei at «Valldalen vil verte ein endå viktigare innfallsport til Litlos i åra som kjem». DNT viste òg til at Valldalen er den viktigaste innfallsporten til Middalsbu, peika på utrygg is, vanskeleg vinterferdsel og krevjande alternative ruter, og bad NVE sikre vintertilkomsten gjennom revisjonen og O/U-saka. Samanhengen ligg altså alt i saka hos dykk.

No er det som DNT bygde sitt innspel på, blitt konkret. Hardangerviddarådet vedtok Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda 14. april 2026, og regjeringa la fram den endelege tiltaksplanen for villreinområdet 2. juli 2026. Hellevassbu skal sommarstengjast, Litlos blir sjølvbetjent, fleire hytter får redusert drift, og mange merkte ruter blir lagde ned eller lagde om, mellom anna sommarrutene Hellevassbu–Haukeliseter og Hellevassbu–Middalsbu. Målet er å samle ferdsla på færre og meir robuste ruter og halde folk unna dei mest sårbare områda.

Eg seier ikkje at det er vedteke at ferdsla gjennom Valldalen skal auke med eit visst omfang. Men når hytter og ruter inne på vidda blir stengde, må DNT leggje om trafikken og satse på ferdsel i utkanten av vidda. Skal ferdsla kanaliserast dit, må innfallsportane faktisk fungere.

Eit konkret døme: Når Hellevassbu–Middalsbu blir lagd ned, står den gamle ruta frå før Hellevassbu vart bygd att, Haukeliseter–Middalsbu via Slettedalen og Kjømberget. Etter mi vurdering er det svært sannsynleg at denne ruta må rustast opp og får meir trafikk. Problemet er vinteren. Då kan ein ikkje følgje sommarstien langs nordsida av Valldalsvatnet. Den inste strekninga i Valldalen må gå på isen på Valldalsmagasinet, og den isen er ikkje trygg på grunn av reguleringa og manøvreringa av magasinet.

Resten av tilkomsten i Valldalen fungerer heller ikkje i dag. Hydro slutta å kontrollere og merke isløypa vinteren 2025/26. Sommarvegen var stengd over lang tid i 2026 på grunn av steinsprang og rasfare. Vinterstid går alternativet høgt i vêr- og rasutsett terreng. I påska 2026 var både isen, høgfjellsruta og sommarvegen uforsvarleg på same tid. Då blir folk pressa over på lengre og høgare ruter, eller utpå isen – akkurat den spreidde og lite føreseielege ferdsla villreintiltaka skal

få bort.

Difor gjeld trygg tilkomst gjennom Valldalen ikkje berre oss som har gard og næring i dalen, beitebruken og friluftslivet. Det kan like gjerne vere eit avbøtande tiltak for villreinen.

Vurderingane av friluftsliv og ferdsel i saka er gjort før desse vedtaka kom. Eg ber NVE, før revisjonen blir avgjord, om å hente inn eller på annan måte sikre oppdatert kunnskap om:

1. korleis endringane i hytte- og rutenettet vil påverke ferdsla på vest- og sørvestsida av vidda
2. kva funksjon Valldalen, Middalsbu og ruta Haukeliseter–Middalsbu får etter villreintiltaka, og korleis ferdsla kan gå trygt vinterstid der ruta må over isen på magasinet
3. om trygg tilkomst i Valldalen kan hjelpe til å kanalisere ferdsla bort frå sårbare villreinområde, og kva det bør bety for vilkåra, også for manøvreringa av Valldalsmagasinet

Det er naturleg at DNT, villreinforvaltninga og dei som står bak sti- og løypeplanen blir spurde.

Eg har tidlegare fått opplyst at spørsmåla eg har reist, vil bli omtalte i det endelege vedtaket. Det meiner eg er for seint. Kjem det nye vurderingar frå DNT, regulanten, villreinforvaltninga eller andre om ferdsel og tilkomst, ber eg om at me som er berørte får sjå og kommentere dei før vedtak. Eg ber ikkje om ny generell høyring, berre om at vedtaket byggjer på situasjonen slik han faktisk er etter omlegginga på vidda.

Det må vera viktig at ein ikkje hamnar i ein situasjon der staten på den eine sida legg om ferdsla på Hardangervidda for å verne villreinen, medan NVE vurderer tilkomsten gjennom ein av innfallsportane ut frå eit ferdselsmønster frå før omlegginga.

Vennleg helsing
Nils Petter Rabbe

Kjelder:
DNT, høyringsfråsegn til vilkårsrevisjon og utviding av Røldal–Suldal, 31.10.2024
Hardangerviddarådet, Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda, vedteken 14.04.2026
Klima- og miljødepartementet, Tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde, 02.07.2026